



DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Innkalling til møte i Ulstein sokneråd

Tid: 11.03.2026 kl. 19:00

Stad: Kyrjekontoret

Desse er kalla inn:

Odd Arne Vikebakk	Leiar
Silje Kiperberg Aksnes	Medlem
Linda Hasund	Medlem
Cecilie Frantsen Skeide	Medlem
Gunn Marthe Veddegjerde Pieroth	Medlem
Øyvind Grimstad Hagen	Medlem
Berge Myrene	Medlem
Ingrid Redse Mjaaseth	Medlem
Mirjam Håland Igland	geistleg representant
Stian Skorgen Scheide	kommunal representant
Beate Hopland Langnes	1. vara
Monica Leine Tokheim	2. vara
Christfried Kaul	sekretær

Forfall må meldast snarast.

Varamedlemar får blir kontakta når dei blir kalla inn til møte

Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	
F-2026/07		Rekneskap Ulstein sokn 2025	
F-2026/08		Vikar- og beredskapsordning for gravplassforvaltning	
S-2026-09		Gudstenesteliste Ulstein sokn hausten 2026	
S-2026-10		Førebuing årsmøtet i Ulstein sokn 2026	
S-2026-11		Kontakt med den Evangelisk- lutherske kyrkja i Jordan og det heilage landet (ELCJHL)	

Godkjenningar:

Godkjenning protokoll siste møte

Godkjenning av innkallinga

Godkjenning av sakliste:

Meldingar:

F-019 Kirkens nye avvikssystem

Vedlegg: lenke: [Melde om avvik - Ressursbanken, Den norske kirke](#)

Frå Den norske kyrkja sitt nyhetsbrev 10.02.2026:

«Nå har Den norske kirke fått på plass en fellesløsning for melding av avvik. Avvik kan forekomme på flere områder; helse, miljø og sikkerhet, informasjonssikkerhet og personvern. Avvikssystemet er tilgjengelig for ansatte i Den norske kirke og er enkelt å bruke både for ansatte som melder inn avvik og ledere som håndterer og deretter lukker avvikene.»

Det er også mogleg å melde avvik som frivillig eller som brukar av kyrkja sine tenester

F-020 Forplan til vurdering istandsetting av mur rundt Ulstein gamle kyrkjestad

Vedlegg: *Forplan frå JE Sandal AS*

Det har vore gjennomført ei synfaring på muren rundt Ulstein gamle kyrkjestad saman med firmaet JE Sandal AS. Firmaet har gjennomført fleire prosjekt med istandsetting av gamle tørrsteinsmurer og JE Sandal AS blei anbefalt av fylkeskonservatør til å leige inn for å lage ein plan.

Forplanen er allereie ferdig og skal bli sendt til fylkeskonservatør. Etter innspel og eventuelle justeringar treng ein å be om pristilbod for arbeidet og sikre finansiering.

Ulsteinvik, den 06.03.2026

Odd Arne Vikebakk	Christfried Kaul
Leiar	Sekretær



Anleggsgartner Jan Erik Sandal AS
Morkafura 8, 6105 Volda
Telefon kontor: 70073550

Ulstein gamle kyrkjegard

Forplan for restaurering av kyrkjegardsmuren

etter befaring 3. mars 2026

TILSTAND

Muren er totalt ca 190 meter lang og mellom ca 1,5 meter og 2,5 meter høg på utsida og varierende frå 0 til 1 meter høg på innsida frå bakkenivå. Breidda har eit ca snitt på 1,5 meter


Muren er i enkelte parti i særskild dårleg forfatning. Me anbefalar at det må gjerast snarleg tiltak for å hindre forverring då det er fare for skade på liv, helse og omgjevnadane. Det er om lag 90 meter som må takast ned og murast opp igjen. I tillegg er det nokre parti som kunne vorte visuelt forbetra. Nokre parti er bra og ærverdig slik det er og heile muren har potensiale til å verte eit staseleg signal - kulturminne

ÅRSAK

Frostsprenging har sannsynlegvis pressa muren ut på grunn av ikkje- telefrie masser bakom. Det kan vere drenerande bakmasser som har vorte tetta med jordmasser på grunn av jordtrykk og som deretter har frose og pressa ut muren. Det kan også vere dårleg fundamentering som har kollapsa. Røter frå tre og vegetasjon er også mogleg årsak.

Handverksmessig manglar muren enkelte stader gode forbandt som er svakheiter og må utførast betre ved ei restaurering

Vedlikehald og reparasjonar har vore fråverande etter det me forstår, og dette har forverra tilstanden.



Her skulle det vore gjort tiltak ganske snart

DOKUMENTERING OG REGISTRERING

Dersom det ikkje allereie er gjort så bør det gjerast ei meir omfattande dokumentering med målsetting og bildetaking av eksisterande mur før ein går i gang med det fysiske arbeidet. Ein må også dokumentere med bildetaking undervegs i arbeidet.

UTFØRING

Ein må pårekne ein del sikring med sperregjerde i høve arbeidet. Helse Miljø og Sikkerheit (HMS) må ivaretakst. Sandal har HMS system som ivaretek dette.

Ein må ta ei nærare vurdering om kva som må fjernast av vegetasjon, tre og røter. Er det noko av dette som kunne vorte gjort på dugnad? Det kan vere stein som går inn i terrenget samt tre og røter som må fjernast. Dette må me ta ein dialog på og avtale nærare

Me vil bruke gravemaskin 3,5 evnt. 5 tonn el. 6 tonn til kranarbeid og handlanging. Det vil vere varsam bruk. Det er elles manuelt handarbeid. Me har erfaring med liknande arbeid på mellom anna Rovde kyrkje, gardar i Geiranger og Astruptunet. Alternativ til gravemaskin ville vere steinbukk som ville vere mykje meir tidkrevande og tungvint, men som me også har erfaring med.

Ein vil dele opp arbeidsområde i fleire parti. Til dømes: 1. Det nordvestlege hjørnet 10 meter 2. Strekket langs sikringsgjerdet i sør 25 meter, osv. Og så kunne ein lage eit prisoverslag på kvar del. Ein kan sette opp ei prioriteringsliste over kva parti ein skal prioritere fyrst og sist. Kom gjerne med innspel.

Når det gjeld område som vert berørt av arbeid så er det tenkt breidda på sjølve muren (1,3-2 meter, snitt på omlag 1,5 meter) samt den bakstein forkiling eller fyllmasse som høyrer til muren ned til grunnen/fundament.

Muren er mange plassar ute av retning i topp då den har glide ut. Ein må stikke ut høvelege punkt slik at me kan rekonstruere den opphavlege retning for muren. Ein kan eventuelt vurdere data frå georadar om ein kan bruke dette som retningsdannade for muren og det vidare arbeidet.

Der det er mogeleg kan ein stå på utsida av muren med gravemaskin. Ein må då gjere avtale med grunn og vegeigar om ein kan stå der og for mellombels lagring av stein. Dette kan gjelde langs sørsida av muren

På fleire parti må ein stå med maskin inne på sjølve kyrkjegardsplassen.

Ein må ta ned muren i parti på om lag 4 meters lengderetning heilt ned til grunnen/botnen og mure opp igjen parti for parti.

Maskina vil hovedsakleg vere i bruk som kran ved at ein løftar ut ein og ein stein med grabb, stropp og slings.

Inne på kyrkjegarden vil me legge ut eit dekke av flakar til å legge ut stein på for lagring til ein skal ta den igjen for oppigjenmuring.

Ein må ta ut eit lite parti i gongen på ca 4 meter i lengdretning, stein for stein nedover for å hindre at det vert for mykje stein liggande utover og for å ikkje gripe over for mykje i gongen som ein kan ha kontroll på.

VARSEMD OG DIALOG

Når ein tek ned muren må ein vere varsam og observere kva som er bakfyll på innsida. Her må ein undervegs tilkalle arkeolog som også elles må kunne vere til stades regelmessig. Ein må også undervegs i denne prosessen vurdere fare for utgliding. Forhåpentlegvis så er det ein del stein som er bakfyll / forkilings masse som ein kan plukke ut og legge for seg sjølv i ein eigen haug på flakar.

Når ein kjem ned til grunnen og murfot må ein vurdere tilstanden på grunnforholda og om ein må gjere tiltak for å hindre setning. Også om ein må skifte ut eller forbetre masser i grunnen.

Når ein skal starte oppigjenmuring må ein vurdere om der er nok fyllstein på staden eller om ein må hente meir stein frå nærliggande plass etter nærare avtale. Her må kyrkja og/eller kommunen vere hjelpsam med å gjere avtale med grunneigar.

Oppigjenmuring vil foregå som handmuring stein for stein og med gravemaskina som kran og «handlangar»

Det vil vere handlegging av steinbakfyll, men grabben på maskina kan verte brukt som handlangar.

Muren er ca 1,5 meter-2 meter breid i toppen, men varierer litt og det er denne breidda me må gå utifrå som vert synleg i toppen (Eit snitt på ca 1,5 meter)

Ein kan muligens også bruke prosjektet til formidling av natursteinsmuring som handverk.

ESTETIKK

Ein må utføre murararbeidet i den stil som har vore originalt, men me ser at ein må utføre enkelte detaljar på ein meir fagmessig måte. Det vil sei at ein må unngå lange vertikale fuger der det ikkje er forbandt. Ein må også sørge for å få ein del bindarar med stein (forholdsvis lang stein) som går inn i muren. Alt av eksisterande stein som er brukt vil verte gjenbrukt, men om det skulle vise seg at ein vil trenge meir stein må ein finne liknande stein frå nærliggande lokalitet. Dette må då vurderast av Ulstein kommune og øvrige instansar i prosjektet.

Muren inneheld enkelte stein (marmor?) som skil seg ut og har tidlegare vore brukt i sjølve kyrkjebygget. Fagpersonar må studere og registrere desse. Vidare må ein ta ei vurdering på kvar dei kan plasserast. Der kan også muligens forekome slik stein i bakfyll. Ein må ta kontakt med arkeolog ved slike funn. Det vil også gjelde eventuelt andre spesielle funn. Me vil gjerne ha ein kontaktperson, arkeolog eller annan utpekt fagperson til assistanse på dette og ser for oss ei prosjektgruppe med representant frå kyrkje, kommune, fylke og utførande firma.



Den ærverdige kyrkjegardsmuren er eit kulturminne med stort potensiale

Me ser fram til det vidare arbeidet. Kom gjerne med innspel om det er noko. Me kan også lage ein meir detaljert plan der ein deler opp arbeidet bolkvís etter prioritert rekkjefylgje og sette opp eit prisoverslag over dei ulike delane.

Beste helsing

For Anleggsgartnar Jan Erik Sandal AS

Olav Sætre, Steinar Sætre, Per Ole Reite

F-SAK 2026/07 Rekneskap Ulstein sokn 2025

UTGREIING

Vedlegg:

Driftsrekneskap Ulstein sokn 2025

Balanser 2025 mot 2024

Investeringsrekneskap 2025

Driftsrekneskapen for Ulstein sokn 2025 viser eit mindreforbruk på kr. 290.581.

Grunna låge pensjonspremieinnskot har det vore mindre lønskostnader enn budsjettert. Gåveinntektene har hatt ei gledeleg auke, og det har lukkast å hente inn ein del eksterne midlar gjennom tilskot og sal av tenester til andre fellesråd.

Gjennom drift var det også mogleg å redusere forpliktingar i investeringsrekneskapen med kr. 290.710 slik at det udekka eigenkapitalinnskot er redusert til kr. 29.443

Balansen viser ei auke i eiendeler og eigenkapital frå 2024 til 2025 på kr. 1.621.488. Her står renteinntektene og gjevarteneste på kyrkjebyggarkonto for den største delen av auka.

Det er framleis frie investeringsmidlar på kr. 53.500 som kan brukast på eksisterande investeringar, men som er for lite til å starta eit eiga investeringsprosjekt.

Det er også ubrukte lånemidlar på kr. 104.338,86 som ville vere fint å betale tilbake for å redusere rentekostnader.

Ulstein fellesråd har tidlegare hatt eit ønske om å styrke disposisjonsfondet for å kunne ha tilstrekkeleg med reserve for uføresette utgifter.

Ulstein sokneråd har eit ønskje om å styrke barne- og ungdomsarbeid, kyrkjeleg undervisning og diakoniarbeid i kyrkjelyden.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd godkjenner rekneskapen for 2025

Ulstein kyrkjelege fellesråd disponerer kr. 29.443 frå frie investeringsmidlar til å dekke udekka eigenkapitalinnskot i investeringsrekneskapen.

Ulstein kyrkjelege fellesråd disponerer mindreforbruket på kr. 290.581 slik:

kr. 104.339 til å betale lånemidlane tilbake på memoriakonto

kr. 70.000 til ubunden fond barne- og ungdomsarbeid og undervisning

kr. 30.000 til ubunden fond diakoniarbeid

kr. 86.242 til ubunden disposisjonsfond



Regnskapsskjema - Driftsregnskap

2 Ulstein Sogn - 2025

04.03.2026

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
1 Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	982.743,27	904.200,00	904.200,00	1.049.470,62
2 Salg av driftsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
3 Refusjoner/overføringer	5.659.234,99	5.694.824,00	5.694.824,00	5.217.259,13
4 Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	921.751,00	0,00	0,00	828.517,00
5 Statlige tilskudd	12.762,00	0,00	0,00	13.762,00
6 Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	1.633.000,00	1.582.035,00	1.582.035,00	1.578.700,00
7 Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	7.045.055,00	7.468.900,00	7.468.900,00	6.965.198,00
8 Tilskudd fra soknets organer	0,00	0,00	0,00	0,00
9 Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	1.131.999,04	702.000,00	702.000,00	1.014.546,52
10 Sum driftsinntekter	17.386.545,30	16.351.959,00	16.351.959,00	16.667.453,27
Utgifter				
11 Lønn og sosiale utgifter	7.944.399,62	8.443.734,00	8.734.444,00	7.735.061,88
12 Kjøp av varer og tjenester	2.175.627,22	2.006.165,00	2.006.165,00	1.817.182,64
13 Refusjoner/overføringer	5.071.502,91	4.982.900,00	4.982.900,00	4.871.788,28
14 Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	921.751,00	0,00	0,00	828.517,00
15 Tilskudd og gaver	317.946,55	406.100,00	406.100,00	278.249,27
16 Sum driftsutgifter:	16.431.227,30	15.838.899,00	16.129.609,00	15.530.799,07
17 Brutto driftsresultat:	955.318,00	513.060,00	222.350,00	1.136.654,20
18 Renteinntekter og utbytte	600.606,48	70.000,00	70.000,00	541.650,93
19 Mottatte avdrag på utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
20 Renteutgifter og låneomkostn.	54.619,73	64.000,00	64.000,00	60.385,99
21 Avdrag på lån	101.064,00	167.000,00	167.000,00	101.064,00
22 Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	0,00	15.000,00	15.000,00	0,00
23 Netto finansinntekter/-utgifter	444.922,75	-176.000,00	-176.000,00	380.200,94
24 Avskrivninger	525.460,80	0,00	0,00	525.460,80
25 Motpost avskrivninger	525.460,80	0,00	0,00	525.460,80
26 Netto driftsresultat	1.400.240,75	337.060,00	46.350,00	1.516.855,14
Interne finansieringstransaksjoner:				
27 Bruk av udisponert fra tidl. år (mindreforbruk)	311.802,00	311.802,00	0,00	0,00
28 Bruk av ubundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
29 Bruk av bundne fond	18.809,45	13.650,00	13.650,00	54.350,00
30 Sum bruk av avsetninger	330.611,45	325.452,00	13.650,00	54.350,00
31 Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	160.291,00	160.291,00	0,00	330.303,00
32 Avsatt til ubundne fond	211.511,00	211.511,00	60.000,00	0,00
33 Avsatt til bundne fond	777.759,08	0,00	0,00	929.100,41
34 Overført til investeringsregnskapet	290.710,00	290.710,00	0,00	0,00
35 Sum avsetninger	1.440.271,08	662.512,00	60.000,00	1.259.403,41
36 MERFORBRUK / MINDREFORBRUK	290.581,12	0,00	0,00	311.801,73



Regnskapsskjema - Investeringsreg

2 Ulstein Sokn - 2025

04.03.2026

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
1 Investeringer i anleggsmidler	505.640,00	0,00	0,00	0,00
2 Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale, tilskudd mv.	847.555,25	0,00	0,00	0,00
3 Renteutgifter, låneomkostninger	0,00	0,00	0,00	0,00
4 Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
5 Utlån, kjøp av aksjer, andeler o.l.	29.443,00	0,00	0,00	27.476,00
6 Avsetninger	290.710,00	290.710,00	0,00	505.640,00
7 Årets finansieringsbehov	1.673.348,25	290.710,00	0,00	533.116,00
Finansiert slik:				
8 Inntekter fra salg av driftsmidler/fast eiend.	0,00	0,00	0,00	0,00
9 Refusjoner	0,00	0,00	0,00	0,00
10 Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	847.555,25	0,00	0,00	0,00
11 Tilskudd til investeringer	0,00	0,00	0,00	505.640,00
12 Renteinntekter og utbytte	0,00	0,00	0,00	0,00
13 Bruk av lånemidler	0,00	0,00	0,00	0,00
14 Mottatte avdrag på utlån (ekstraord.)	0,00	0,00	0,00	0,00
15 Sum ekstern finansiering	847.555,25	0,00	0,00	505.640,00
16 Overført fra driftsregnskapet	290.710,00	290.710,00	0,00	0,00
17 Bruk av avsetninger	505.640,00	0,00	0,00	0,00
18 Sum finansiering	1.643.905,25	290.710,00	0,00	505.640,00
19 Udekket/udisponert	29.443,00	0,00	0,00	27.476,00



BALANSE

2 Ulstein Sokn - 2025

04.03.2026

	Regnskap 2025	Regnskap 2024
EIENDELER:		
A - Anleggsmidler		
Faste eiendommer og anlegg	17.450.940,34	17.522.733,56
Utstyr, maskiner og transportmidler	1.185.333,43	791.445,76
Utlån	0,00	0,00
Aksjer og andeler	432.339,00	402.896,00
B - Omløpsmidler		
Kortsiktige fordringer	732.505,25	949.786,63
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	0,00	0,00
Kasse, bankinnskudd	13.038.001,51	11.550.769,17
C - SUM EIENDELER:	32.839.119,53	31.217.631,12
EGENKAPITAL OG GJELD:		
D - Egenkapital		
Disposisjonsfond	1.659.941,74	1.448.430,74
Bundne driftsfond	9.651.704,01	8.892.754,38
Ubundne investeringsfond	53.500,00	53.500,00
Bundne investeringsfond	0,00	505.640,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	0,00	0,00
Regnskapsmessig mindreforbruk	290.580,85	311.801,73
Regnskapsmessig merforbruk	0,00	-160.291,00
Udisponert i investeringsregnskapet	0,00	0,00
Udekket i investeringsregnskapet	-29.443,00	-290.710,00
Kapitalkonto	18.440.344,99	17.987.743,54
Gjeld		
E - Langsiktig gjeld		
Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	732.606,00	833.670,00
F - Kortsiktig gjeld		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld	2.039.884,94	1.635.091,73
G - SUM EGENKAPITAL OG GJELD:	32.839.119,53	31.217.631,12
Memoriakonti		
Ubrukte lånemidler	104.338,86	104.338,86
Andre memoriakonti	0,00	0,00
Motkonto for memoriakontiene	-104.338,86	-104.338,86

F-SAK 2026/08 Vikar- og beredskapsordning for gravplassforvaltning

UTGREIING

Det er Ulstein kyrkjelege fellesråd som er gravplassmynde i Ulstein kommune, med kyrkjevevje som ansvarleg leiar for dette. I Ulstein kyrkjelege fellesråd er det sekretæren som står for det daglege administrative arbeidet.

Både sekretær og kyrkjevevje kan utføre dei vanlege rutinane for forvaltning av gravplassen og organisering av gravleggingane. I tida for avvikling av ferie er det ein av desse to som er tilgjengeleg for å sikre arbeidet.

Det er ein viktig del av beredskapen å kunne gjennomføre gravleggingar på ein verdig og godt organisert måte også i situasjonar der ei krise rammer samfunnet eller staben for gravplassforvaltning.

For å styrke beredskapen for gjennomføring av gravleggingar / forvaltning av gravplassen ønsker administrasjonen at det blir gitt moglegheit for at eit anna kyrkjeleg fellesråd kan gå inn i oppgåvene i ein særskilt situasjon med ei samfunnskrise, sjukdom, vikariat, permisjon eller anna i staben som svekker den generelle beredskapen.

Kyrkjevevja i Ulstein har drøfta dette med kyrkjevevja på Hareid og vi er kome fram til at det vil kunne vere ei fin ordning å kunne vere klar i slike situasjonar til å kunne gå lett inn og hjelpe kvarandre for å sikre godet tenester for gravplassforvaltning.

Hareid og Ulstein har allereie gode rutinar for samarbeid på ei rekke oppgåver og vi brukar stort sett dei same datasystem, slik at ei slik løysing vil kunne fungere utan større opplæring på korleis ting blir gjort i våre to fellesråd.

Ei slik ordning vil innebere at det blir ordna ein tilgang til kvarandre sitt gravarkiv, noko som dataleverandøren truleg vil kunne ordne på ein enkel måte.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek at Hareid kyrkjelege fellesråd kan ta naudsynte oppgåver for gravplassforvaltning på vegne av Ulstein kyrkjelege fellesråd i ekstraordinære situasjonar der Ulstein kyrkjelege fellesråd ikkje får løyst oppgåver på dette feltet med eigne krefter.

Ulstein kyrkjelege fellesråd står også klare til å yte desse tenester for Hareid kyrkjelege fellesråd dersom Hareid kyrkjelege fellesråd skulle kome i ein ekstraordinær situasjon og treng hjelp.

S-SAK 2026/09 Gudstenesteliste hausten 2026

UTGREIING

Vedlegg:

Gudstenesteliste hausten 2026

Det er satt opp gudsteneste kvar søndag frå 9.august til 31.desember, bortsett frå i haustferien da vi har fellesgudsteneste med Hareid, og 4s i advent som ligg tett opp i julenattene vår. Vi har også valgt å ha gudsteneste søndag 3.januar framfor høgtidsgudsteneste 1.januar. Så i 2027 blir det ingen gudsteneste 1.januar, men det kan godt vere det er fint å ha seinare år. Men vi sparar ressursar ved å kutte denne gudstenesta, noko som er nødvendig når vi har færre presteressursar. 3.januar (Kristi openberringsdag) kan også få eit nyårsperspektiv.

Vi har prøvd å legge til rette for både vanlege gudstenester og «spesialgudstenester». Det er fire familiegudstenester ila hausten, og vi vil involvere KFUK-KFUM, KRIK, NMS og speidarane til ulike gudstenester. Gudstenesteutvalet tenkte egentlig at 27.september kunne følgje «Gudsteneste for alle»-konseptet, men staben har foreslått det blir familiegudsteneste med utdeling av 4-årsbok den søndagen. Vi vil gjøre denne til ein familiegudsteneste der alle vil komme, og invitere KRIK og mini-KRIK til å involvere seg, forhåpentligvis blir det litt «Gudsteneste for alle»-preg over den likevel.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

Gudstenesteliste Ulstein sokn hausten 2026

Dato	Tid	Stad	Tittel	Beskriving	Utvidingar	Prest	Notater
09.08.2026	11:00	Ulstein kyrkje	Gudsteneste	Minning. felles gudsteneste for Hareid og Ulstein	Gudsteneste, Dåp, Nattverd	Anton Heggvik	skuleferie
16.08.2026	11:00	Ulstein kyrkje	Gudsteneste		Gudsteneste, Dåp, Nattverd	Mirjam Igland	skuleferie
23.08.2026	11:00	Ulstein kyrkje	Familiiegudsteneste	Semesterstart: KFUK-KFUM	Gudsteneste, Nattverd	Mirjam Igland	
30.08.2026	17:00	Ulstein kyrkje	Samtalegudsteneste	Bildetaking og konfirmantfest etter gudstenesta	Gudsteneste		
06.09.2026	11:00	Ulstein kyrkje	Gudsteneste	Minning.NMS?	Gudsteneste, Dåp, Nattverd	Mirjam Igland	
12.09.2026	10:00	Ulstein kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Konfirmasjonsgudsteneste	Gudsteneste	Mirjam Igland	
12.09.2026	12:00	Ulstein kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Konfirmasjonsgudsteneste	Gudsteneste		
12.09.2026	14:00	Ulstein kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Konfirmasjonsgudsteneste	Gudsteneste		
13.09.2026	11:00	Ulstein kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Konfirmasjonsgudsteneste	Gudsteneste		
13.09.2026	13:00	Ulstein kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Konfirmasjonsgudsteneste	Gudsteneste		
20.09.2026	11:00	Ulstein kyrkje	Gudsteneste		Gudsteneste, Dåp, Nattverd	Anton Heggvik	
27.09.2026	11:00	Ulstein kyrkje	Familiiegudsteneste m/utdeling av 4årsbok	4-årsbok. Involvere mini-KRIK og KRIK?	Gudsteneste	Mirjam Igland	
11.10.2026	11:00	Ulstein kyrkje	Gudsteneste	felles gudsteneste for Ulstein og Hareid	Gudsteneste, Dåp, Nattverd		skuleferie
17.10.2026	19:30	Ulstein kyrkje	Nattverd i kyrkja - ALIVE		Gudsteneste, Nattverd	Mirjam Igland	
18.10.2026	11:00	Sjøborg	Tverrkyrkjeleg gudsteneste	ALIVE	Gudsteneste		
25.10.2026	11:00	Ulstein kyrkje	Gudsteneste	(Familiweekend på Orreneset samme helg)	Gudsteneste, Dåp, Nattverd		
01.11.2026	11:00	Ulstein kyrkje	Allehelgensgudsteneste		Gudsteneste, Dåp, Nattverd	Mirjam Igland	
08.11.2026	11:00	Ulstein kyrkje	Familiiegudsteneste speidar		Gudsteneste, Dåp, Nattverd	Mirjam Igland	
15.11.2026	18:00	Ulstein kyrkje	Presentasjonsgudsteneste konf		Gudsteneste	Bjørn Losvik	
22.11.2026	11:00	Ulstein kyrkje	Gudsteneste		Gudsteneste, Dåp, Nattverd		
29.11.2026	11:00	Ulstein kyrkje	Familiiegudsteneste	Adventsnatt i kyrkja	Gudsteneste, Dåp, Nattverd	Mirjam Igland	
06.12.2026	17:00	Ulstein kyrkje	Lysmesse	Lysmesse med konfirmantar	Gudsteneste, Nattverd	Mirjam Igland	
13.12.2026	11:00	Ulstein kyrkje	Gudsteneste	Minning	Gudsteneste, Dåp, Nattverd	Anton Heggvik	
24.12.2026	14:30	Ulstein kyrkje	Julegudsteneste	julaften familiiegudstenesteKorklubben + Tweensing deltek	Gudsteneste	Mirjam Igland	høgtidsdag
24.12.2026	16:00	Ulstein kyrkje	Julegudsteneste	julaften	Gudsteneste	Mirjam Igland	høgtidsdag
25.12.2026	12:00	Ulstein kyrkje	Høgtidsgudsteneste Første juledag	Juledag	Gudsteneste, Nattverd	Mirjam Igland	høgtidsdag
27.12.2026	11:00	Ulstein kyrkje	Dåpsgudsteneste		Gudsteneste, Dåp		skuleferie
03.01.2027	11:00	Ulstein kyrkje	Gudsteneste		Gudsteneste, Dåp, Nattverd		skuleferie

S-SAK 2026/10 Førebuing av årsmøtet i Ulstein sokn 2026

UTGREIING

Tidspunkt for årsmøtet er satt til 24. mars 2026, kl. 18 – 20 i Ulstein kyrkje. Soknerådet sett saman program for gjennomføring av årsmøtet.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

S-SAK 2026/11 Kontakt med den Evangelisk- lutherske kyrkja i Jordan og det heilage landet (ELCJHL)

UTGREIING

Frå 12. – 20. april kjem prestane Sally Azar og Rodny Said på besøk til Sunnmøre folkehøgskule. Sally og Rodny er prestar i Redeemer Church i Jerusalem og dei ønskjer å møte kyrkjelyden i Ulstein og opprette kontakt som kan utviklast over tid.

Kyrkjelyden i Jerusalem og andre plasser i regionen er prega av den politiske situasjonen i Israel, Palestina og Midtausten generelt. Som kristne opplever dei i aukande grad å vere utsett for krenkingar og diskriminering. Mange har forlatt sine heimplassar og har flytta til utlandet. Framtida ser dystert ut for dei siste kristne i regionen.

Kontakten med andre kristne er svært viktig for å halde trua oppe og kjenne seg del av ein større fellesskap. Nettopp difor søker Sally og Rodny kontakt med ein aktiv kyrkjelyd som Ulstein for å finne håp, inspirasjon og oppleve stønad i sin situasjon.

AU har foreslått følgjande program for desse dagane:

- Møte med Ulstein Ten Sing / KRIK / speidar
- Møte med dei tilsette
- Møte med ei ressurspersonar for vidare utvikling av kontakten
- Deltaking i gudsteneste 19. april og kyrkjekaffi etterpå
- Det er også planlagt møte med prestane i prostiet

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.